

ÅRSMELDING VAKSDAL IL

2021



VAKSDAL IDRETTSLAG

Klubbnavn:	Vaksdal Idrettslag		
Stifta:	18.11.1925		
Postadresse:	5725 Vaksdal		
E-postadresse:	post@vaksdalil.no		
Internettadresse:	www.vaksdalil.com		
Organisasjonsnummer:	993 534 153		
Banktilknytning:	Sparebanken Vest		
Bankkonto:	Hovudkonto:	3500.07.03026	
	Fotballgruppa:	3500.07.03573	
	Trimgruppa:	3530.26.69870	
Medlem av:	Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité		
Tilknytta:	Hordaland fotballkrets, Vaksdal idrettsråd		

Innhald

Bygd i bevegelse	4
Hovudstyret	5
Økonomi	6
Fotballgruppa	7
Handball	11
Trimgruppa	12
Idrettsskulen	13
Turtrim	14

VEDLEGG A

Resultater 2021	15
Budsjett 2022	16





Bygd i bevegelse

Vaksdal Idrettslag har i 2021 hatt ein del aktivitetar, men ikkje på det nivået som ein skulle ynskje på grunn av Covid-19 og dei restriksjonane det har medført. På trass av redusert tilbod og moglegheiter har det vore mange gode initiativ for å halde seg i bevegelse og dette året.

Vaksdal er ei bygd der både barn og vaksne er i rørsle, og der idrettslaget er fleksibelt og terskelen er låg for å etablere nye aktivitetar. Det er mange eldsjeler i bygda, og mange som er villige til å bidra i ulike styrer og verv. Det medfører at laget kan tilby mange helsefremjande aktivitetar, og tilretteleggje for møteplasser som kan skape trivsel og samhald.



Hovudstyret 2021

Leiar: Henning Lirhus

Nestleiar: Lasse Ulveraker

Kasserar: Renate Kvitne

Skrivar: Elisabeth Faugstad Gullbrå

Styremedlem: Trygve Thom

Styremedlem: Øystein Jacobsen

Varamedlem: Kathrine Audestad

Varamedlem: Tormod Amundsen

Valnemd

Elizabeth Gjessing

Linda Lien

Revisorar

Ingunn Nystedt

Trygve Boge

Medlemmer

I 2016 passerte VIL 400 medlemmer for fyrste gong på mange år. Etter det har talet halde seg meir eller mindre jamt. I 2021 var det totalt 458 medlemmer. 242 kvinner og 216 menn.

Kontingentar

Barn*: 150,-

Vaksen: 250,-

Familie**: 500,-

B-medlemskap, barn: 50,-

B-medlemskap, vaksen: 100,-

Støttemedlemskap: 150,-

Treningsavgift fotball barn*: 300,-


Treningsavgift fotball vaksne: 500,-

Treningsavgift i salen vaksne: 750,- pr. år

* Medlemmer betaler barneavgifter til og med det året dei fyller 15 år.

** Inntil to vaksne, samt barn til og med det året dei fyller 19 år.

Antal medlemmer dei siste åra



Økonomi

Idrettslaget er fortsatt prega av pandemi, men i 2021 påvirkar dette økonomien i mindre grad enn for 2020. Me har i år krevd inn medlemsavgift, treningsavgift og fakturert dei lokale sponsorane våre. Me er og flinke til å søke om støtte som gjev positive tilskot til økonomien. Kostnaden er nok lågare enn i eit normal år, mens inntektene er på eit meir normalt nivå.

For 2021 kjem Idrettslaget ut med eit overskot på kr 329.023 totalt sett. Totale inntekter er på kr 568.933 og kostnadane er på kr 243.032.

Dette er tilfredsstillande for Idrettslaget. Det er ikkje eit mål i seg sjølv at Idrettslaget skal gå med store overskot. Det er viktig med ein tilfredsstillande økonomi der ein og kan sette av litt pengar kvart år til framtidige investeringar.

Inntektene til Idrettslaget kjem i år hovudsakeleg frå medlemskontingent, treningsavgifter, sponsorinntekter, grasrotmidlar, støtte frå Vaksdal kommune og Idrettsforbundet. Midlane bruker ein til det beste for medlemmene av Idrettslaget.

Vaksdal Idrettslag har svært låge satsar på medlemsavgifta og treningsavgifter. Det forsøker ein så langt ein kan å oppretthalda og framover. Me er eit Idrettslag med høg grad av frivillig innsats og det er svært lite godtgjersle for alt arbeidet som trenarar, styremedlemer og andre legg ned som dugnadsinnsats for laget.

Rekneskap

Nøkkeltall (i parentes tilsvarande tall for 2020)

Inntekt:	kr 568.933	(kr 455.985)
Kostnader:	kr 243.032	(kr 328.868)
Driftsresultat:	kr 325.901	(kr 127.117)
Ordinært resultat:	kr 329.023	(kr 130.083)

Fotballgruppa

Leiar: Johnny Falkanger

Kasserar: Cecilie Kleiveland

Skrivar: Sol Kari Boge

Styremedlem: Elin Merete Sæterdal

Styremedlem: Kay Roger Elvheim

Styremedlem: Kenneth Vik

Styremedlem: Tommy Amundsen

Styremedlem: Jenni Haugland

Fotballgruppa har gjennom 2021 vore opptatt av å:

- Legge til rette for god oppslutning rundt aktivitetane
- Gje tilbod til alle interesserte så langt som råd
- Byggje opp under engasjement og utnytte ressursar

Også 2021 sesongen, har som 2020 sesongen, vore ein sesong utanom det vanlege der koronasituasjonen har prega fotballen i større eller mindre grad.



Aktivitet

Det er store variasjonar i årsklassane på Vaksdal, men Vaksdal er fortsatt klubben i kommunen som har flest aldersbestemte lag og aktive spelarar. Det er mange som vel å delta i fotballaktiviteter og ein har i sesongen 2021 hatt 7 aktive lag, der 1 av laga er eit samarbeidslag mellom Stanghelle, Stamnes og Vaksdal. Dette er eit lag mindre enn førre sesong, da ein dessverre måtte trekke eit av laga før seriestart grunna fråfall av spelarar. I tillegg har ei av spelargruppa, som bestod av fleire alderstrinn, blitt delt og inkludert i allereie eksisterande lag på Dale og Stanghelle.

Den usikre situasjonen med stadige endringar i restriksjonar har nok spela ein avgjerande rolle i at ein del lag har opplevd fråfall i løpet av sesongen. Men samtidig har nokre av laga opplevd å få ein økt spelargruppe. Ein håpar at ein vil kunne motivere for meir aktivitet innan fotballen når situasjonen er meir stabil og tilbake til normalen.

Årets 1.klassingar, 2015 kullet ville ikkje vente til skulestart med fotballen og dei kom i gang med trening allereie våren 2021. Det var eit svært populært tilbod og det har vore ein gjeng ivrige unge fotballspelarar som har trossa både regn og vind for å spele fotball.

Etter sesongslutt har ein arbeidet med nye samansetningar av laga framfor kommande sesong grunna ein del fråfall mm. hjå dei ulike laga i løpet av sesongen. Ein arbeider med å få på plass ein samarbeidsavtale med dei andre klubbane i kommunen, for å kunne gjere det lettare å kunne skape god tilbod til alle ved at både samanslåing av lag og hospitering mellom klubbane bli lettare.




Cupar/seriespel


Det har vore ein sesong prega av mykje karantene, restriksjonar og usikkerheit som har prega situasjonen i varierende grad for dei ulike laga.

Barnefotballen har i stor grad kunne blitt gjennomført som normalt, men også her har ein opplevd ein del endringar i gjennomføringa av seriespel. Ungdomslaga i kommunen fekk ikkje gjennomført vårsesongen, då ein ikkje fekk spele fotball på tvers av kommunegrensene. Dette gjorde at dei store kommunane kunne spele kampar som normalt, medan dei små kommunane ikkje fekk same moglegheit. Hausten 2021 fekk heldigvis også ungdomslaga gjennomført ein kort og intensiv sesong, og dette skapte stort engasjement både blant spelarar og publikum med tilnærma full tribune på ein del av heimekampane.

Sparebanken Vest-cup

Heller ikkje i 2021 fekk ein mogelegheit til å gjennomføre Sparebank Vest cupen i september. Ein håpa lenge at ein skulle ha kontroll på koronasituasjonen til hausten slik at ein kunne få gjennomført cupen, men grunna ustabil og uforutsigbar situasjon var dette ikkje mogleg. Sesongen 2022 håper ein blir betre, og at ein kan ta opp igjen tradisjonen med Sparebank Vest cup på Vaksdal Idrettsplass til hausten.





A-laget:

Lagleiing:

Trenar: Lars Boge

Hjelpetrenar: Rune Herfindal

Kontaktperson/oppmann: Kenneth Vik

Oppmann: Johnny Falkanger

Sesongen 2021:

Det vart berre spelt enkel haustserie, grunna restriksjonane. Det vart spelt 3 treningskampar og 9 seriekampar.

Laget vart nummer 8 i 6. divisjon avd. 3. Me hadde mista nokre spelarar frå året før, men fekk med 6 nye spelarar. Det gjorde at ein enda med ein stor spelartropp på kring 20-22 mann.

Totalt var om lag 30 forskjellige spelarar innom treningane til A-laget gjennom året.



Handball

Leiar og trenar: Maren Amanda Thorkildsen
Trenar frå Dale IL: Elisabeth Karstensen

Vårsesongen 2021 (sesongen 2020/2021) var det lite og ingen aktivitet pga korona.

Ved påmelding til ny sesong (2021/2022) vart det meldt på eit lag i J16 serien, C-pulja.

Dale/Vaksdal J16. Trenarar er undertteikna frå Vaksdal IL og Elisabeth Kartsensen for Dale IL.

Me fekk starta opp att med treningar i mai 2021. Då kom også jentene som hadde spelt på Dale J13 opp til oss, i mangel på spelarar/trenar. Til saman har me pr dags dato 15 aktive jenter.

Me fekk spele 3 kamper før jul. Eit par kamper er utsatt pga korona, men me håper å få tatt desse att i løpet av vårsesongen 2022. Det er god stemning i laget, og på tampen av haustsesongen 2021 ligg Dale/Vaksdal J16 på tredje plass på tabellen.



Trimgruppa

- **Leiar:** Malin Sæterdal
- **Skrivar:** Rebekka Folgerø
- **Styremedlem:** Stine Njåstad
- **Styremedlem:** Aina Ulveseth

- **Møteverksemd:**

- Styret i trimgruppa har hatt to møter dette året, då det har vore redusert tilbod grunna koronasituasjonen også i år.

- **Året som gjekk:**

- Trimgruppa har jobba ein del med å finne den beste løysinga for å registrering nye medlemmar. På nyåret vil ein prøve ut at trenarane får ei liste over faste deltakarar, og at dei tar ansvar for å leggje til nye som kjem til.
- I periodane der salen har vore open, føler trimgruppa at ein har eit godt og variert treningstilbod til vaksne. Her kan ein vere med på ulike treningsøktar fem dagar i veka. Trening for vaksne inneber styrke, step, basisball, sirkeltrening og zumba.
- Når salen har vore stengd, har sirkeltreninga vore flinke til å tilby trening utandørs.
- Rebekka Folgerø har avslutta sirkeltreninga for ungdom. Britt Løvsstakken har tatt på seg å ha ansvaret for ei trening i veka, kvar tredje veke. Denne tysdagstreninga delar ho saman med Aina Ulveseth og Ann-Kristin Ulveseth.
- Både barnetrimmen og idrettsskulen melder om godt oppmøte og kjekke aktivitetar saman med borna.

Idrettsskulen

- **Leiar:** Aina Ulveseth
- **Styremedlem:** Sandy Fritzsche

Idrettsskulen er for barn i alderen 1. - 4. Klasse. Med oppstart november 2021 og vert avsluttet i mars 2022.

I november hadde me ulike ballspel i samfunnssalen. Ulike ballspel som vart prøvd ut var fotball, basketball, kanonball, landhockey og volleyball. Det har vert godt oppmøte med rundt 20 barn kvar gong.

I desember var det ulike leikar som stod på programmet. "1,2,3 rødt lys", "Alle mine barn kom hjem", "Slangetikken" og "Mørkegjømsel" var leikar me hadde etter barna sine ønsker.

Då nokre av barna ønskte "frileik" gjorde me rom for dette på slutten av økta. Barna kunne då bruke blant anna trampoline, tjukkassen, slengtau frå taket og badminton.

Det har vore bra oppmøte på idrettsskulen dette året, og ein ser at ungane har det kjekt i gymsalen. Me starta med ballspel i november, men så vart det stengt. Fekk moglegheit til å ha to økter med open gymsal i desember.

Turtrim

Det har dette året og vore bra registrering i dei ulike turbøkene. Leif Inge gjer ein stor innsats med å passe på at det er bøker i postkassene og bytter ut bøker etter kvart som dei vert utskrivne. Det er kjekt å sjå at mange går på tur og registrerer seg i turbøkene. Kvart halvår vert det trekt ut fem vinnarar som får eit gåvekort på 500 kr.



VEDLEGG A

Driftsresultater 01.01.2021 - 31.12.21

Resultatregnskap Idrettslaget 2021					
Gjelder periode 01.01.2021 - 31.12.2021	Idrettslaget	Hoved drift	Fotball	trim	håndball
Driftsinntekter					
3000 Salgsinnt. handelsvarer, avgiftspliktig, høy sats	10 394	-	10 394	-	-
3100 Salgsinntekter, avgiftsfri	52 165	51 000	-	-	1 165
3121 Kick Back buypass	77	77	-	-	-
3410 Grasrotmidler fra Norsk Tipping	100 118	100 118	-	-	-
3420 Kommunale tilskudd	266 792	266 792	-	-	-
3440 Tilskudd fra Norges Idrettsforbund	31 729	31 729	-	-	-
3920 Medlemskontingenter	57 497	57 497	-	-	-
3930 Treningsavgifter	50 162	672	37 722	11 767	-
Sum Inntekter	568 934	507 885	48 117	11 767	1 165
Driftskostnader					
4035 Innkjøp varer og halvfabrikata, lav avgiftssats	- 1 006	-	- 1 006	-	-
4300 Innkjøp varer for videresalg, høy avgiftssats	- 9 563	-	- 9 563	-	-
5501 Dommarrekninger	- 11 678	-	- 11 678	-	-
5990 Annen personalkostnad	- 5 100	-	- 4 100	- 1 000	-
6100 Frakt, transport og forsikring	- 3 900	-	- 3 900	-	-
6420 Leie datasystemer	- 5 190	- 5 190	-	-	-
6490 Annen leiekostnad	- 2 524	- 2 524	-	-	-
6540 Inventar (Res)	- 12 901	- 12 901	-	-	-
6550 Driftsmaterialer	- 772	- 772	-	-	-
6565 Mat og drikke	- 10 327	-	- 10 167	-	- 160
6580 Idrettsutstyr	- 57 557	- 2 156	- 55 401	-	-
6800 Kontorrekvisita (Res)	- 2 290	- 2 290	-	-	-
6810 Datakostnad	- 14 516	- 13 669	- 846	-	-
7090 Annen kostnad transportmidler	- 4 300	-	- 4 300	-	-
7400 Kontingenter, fradragsberett.	- 3 220	-	-	-	- 720
7415 Påmelding serier, turneringer etc	- 22 750	-	- 22 750	-	-
7420 Gaver, fradragsberettigede	- 15 288	- 15 288	-	-	-
7440 Gaver til frivillige	- 16 115	- 9 845	- 6 270	-	-
7460 Premier til deltakere	- 1 215	-	- 1 215	-	-
7500 Forsikringspremier	- 23 939	- 4 283	- 19 656	-	-
7770 Bank og kortgebyrer	- 871	- 571	- 300	-	-
7790 Andre kostnader	- 9 012	-	-	- 6 682	- 2 330
7791 Gebyrer kamp o.l.	- 9 000	-	- 9 000	-	-
Sum kostnader	- 243 033	- 69 488	-160 152	- 7 682	- 3 210
Driftsresultat	325 901	438 397	-112 036	4 085	- 2 045
Finansielle poster					
8051 Renteinntekt bankinnskudd	1 009	1 009	-	-	-
8070 Annen finansinntekt	2 113	2 113	-	-	-
	3 122	3 122	-	-	-
Årsresultat	329 023	441 519	-112 036	4 085	- 2 045

Budsjett 2022

	2021	2022
	Idrettslaget	Budsjett
Driftsinntekter		
3000 Salgsinnt. handelsvarer, avgiftspliktig, høy sats	10 394	5 000
3100 Salgsinntekter, avgiftsfri	52 165	88 000
3121 Kick Back buypass	77	80
3410 Grasrotmidler fra Norsk Tipping	100 118	100 000
3420 Kommunale tilskudd	266 792	250 000
3440 Tilskudd fra Norges Idrettsforbund	31 729	32 000
3920 Medlemskontingenter	57 497	57 500
3930 Treningsavgifter	50 162	55 000
Sum Inntekter	568 934	587 580
Driftskostnader		
4035 Innkjøp varer og halvfabrikata, lav avgiftssats	- 1 006	3 000
4300 Innkjøp varer for videresalg, høy avgiftssats	- 9 563	
5501 Dommarrekninger	- 11 678	12 000
5990 Annen personalkostnad	- 5 100	5 500
6100 Frakt, transport og forsikring	- 3 900	2 000
6420 Leie datasystemer	- 5 190	5 300
6490 Annen leiekostnad	- 2 524	5 000
6540 Inventar (Res)	- 12 901	20 000
6550 Driftsmaterialer	- 772	1 000
6565 Mat og drikke	- 10 327	12 000
6580 Idrettsutstyr	- 57 557	60 000
6800 Kontorrekvisita (Res)	- 2 290	2 500
6810 Datakostnad	- 14 516	15 000
7090 Annen kostnad transportmidler	- 4 300	4 500
7400 Kontingenter, fradragsberett.	- 3 220	5 000
7415 Påmelding serier, turneringer etc	- 22 750	25 000
7420 Gaver, fradragsberettigede	- 15 288	18 500
7440 Gaver til frivillige	- 16 115	16 500
7460 Premier til deltakere	- 1 215	1 500
7500 Forsikringspremier	- 23 939	24 100
7770 Bank og kortgebyrer	- 871	900
7790 Andre kostnader	- 9 012	10 000
7791 Gebyrer kamp o.l.	- 9 000	10 000
Sum kostnader	- 243 033	259 300
Driftsresultat	325 901	328 280